



Utvalg: Kontrollutvalet i Fusa kommune
Møtestad: Loftet, Kommunehuset i Fusa
Dato: 19.02.2015
Tidspunkt: 11:00 – 13:00

Følgjande faste medlemmer møte:

Navn	Funksjon	Representerer
Arild Legland	Leiar	FRP
Øyvind Nordbø	Nestleiar	SP
Ranveig Næss	Medlem	H
Turid Glesnes	Medlem	AP

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
Arne Holmefjord	Medlem	FRP

Følgjande varamedlemmer møte:

Navn	Møtte for	Representerer
Ola Dale	Arne Holmefjord	H

Merknader

Grunna sjukdom, var det var ingen som kunne stilla i møtet frå Deloitte AS.

Andre som møte:

Navn	Stilling
Hans S. Vindenes	Ordførar (heile møtet)
Elin Molven Wilhelmsen	Spesialrådgjevar i Hordaland Fylkeskommune

Arild Legland
utvalsleiar

Elin Molven Wilhelmsen
utvalssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
PS 1/15	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 2/15	Godkjenning av protokoll frå forrige møte		
PS 3/15	Møteplan 2015 for kontrollutvalet i Fusa kommune		2014/162
PS 4/15	Kurs for kontrollutvalet i regi av Deloitte - For politikarar og administrasjon i Fusa kommune		2014/361
PS 5/15	Årsmelding 2014 for kontrollutvalet i Fusa kommune		2014/167
PS 6/15	Referatsaker		
RS 1/15	Vedtak KST PS 044/14 - Handlingsplan Fusa kommune. Økonomiplan 2015 - 2018 Årsbudsjett 2015 med avgiftsbudsjett. Budsjett for kontroll og tilsynsarbeidet 2015.		2014/159
RS 2/15	Vedtak KST PS 39/14 Rapport etter forvaltningsrevisjon innan tilpassa opplæring og spesialundervisning i Fusa kommune		2014/327
RS 3/15	Vedtak KST PS 45/14 Politisk organisering 2015 - 2019		2014/174
RS 4/15	Evaluering av politisk organisering 2015 - 2019 - Innspel frå råd og utval		2014/174
RS 5/15	Politisk møteplan 2015 - Fusa kommune		2014/162
RS 6/15	Rapport frå tilsyn og vurdering av status i kommunens arbeid med jamleg oversikt over helsetilstand og positive og negative påverknadsfaktorar - Fusa kommune 2014		2014/163
RS 7/15	Avtale om sekretariatstenester for kontrollutvalet - Prisjustering		2014/159
RS 8/15	Evaluering av kontrollutval og kontrollutvalssekretariat - Rapport		2014/382
RS 9/15	BIR - Gjennomførte interne forvaltningsrevisjonar		2014/190
RS 10/15	Brev om ikrafttreding av endringar i kommunelova og offentleglova		2015/8
RS 11/15	Selskapskontroll Business Region Bergen - Status pr desember 2014		2014/368
PS 7/15	Gjennomgang av møteprotokollar for Fusa kommune		2014/161
PS 8/15	Eventuelt		

PS 1/15 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Fusa kommune - 19.02.2015

Handsaming i møtet:

Det kom ikkje fram merknader til innkalling og sakliste.

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjent.

PS 2/15 Godkjenning av protokoll frå forrige møte

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Fusa kommune - 19.02.2015

Handsaming i møtet:

Det kom ikkje fram merknader til møteprotokollen.

Vedtak:

Møteprotokoll frå møtet 4.12.2014 vart godkjent.

PS 3/15 Møteplan 2015 for kontrollutvalet i Fusa kommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet legg opp til denne møteaktiviteten for 2015:

Dato:	Merknad:
19.02.2015	
23.04.2015	
21.05.2015	
03.09.2015	
03.12.2015	

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Fusa kommune - 19.02.2015

Handsaming i møtet:

Kontrollutvalet diskuterte møtedatoane. Kontrollutvalet ber kommunen om å leggja møtedatoane for deira møter ut på nettsida til kommunen saman med dei andre politiske utvala sine møtedatoar.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet legg opp til denne møteaktiviteten for 2015:

Dato:	Merknad:
19.02.2015	
23.04.2015	
21.05.2015	
03.09.2015	
03.12.2015	

PS 4/15 Kurs for kontrollutvalet i regi av Deloitte - For politikarar og administrasjon i Fusa kommune

Forslag til vedtak

Saka er lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Fusa kommune - 19.02.2015

Handsaming i møtet:

Ordføraren informerte om at dei frå politisk hald ikkje har tid til å delta på planlagt kurs for «politikarane og administrasjonen» våren 2015. Han sa at det likevel var svært viktig at dei nye politikarane, etter valet hausten 2015, får ei opplæring så snart dette let seg gjera.

Sekretariatet informerte om at rådmannen ikkje har kome med attendemelding i høve aktuelt kurstema for administrasjonen endå.

Etter ein diskusjon kom kontrollutvalet fram til at det kan vera nyttig om Økonomiavdelinga i kommunen får tilbod om å nytta desse opplæringstimane denne våren, då det er nye folk innan avdelinga, og difor gjerne ekstra behov for opplæring. Jamfør side 6. - 7. pkt. 8.5. i årsmelding 2014 for kontrollutvalet.

På bakgrunn av dette ynskjer kontrollutvalet å nytta opplæringa som ligg inne i avtalen med Deloitte.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak:

- Kontrollutvalet tilbyr rådmannen å få nytta avtalen for å halda to timars kurs for økonomiavdelinga i kommunen.
- Om tilbodet vert nytta, tek rådmannen direkte kontakt med Deloitte for å avtala tema og høveleg tidspunkt for kurs.

PS 5/15 Årsmelding 2014 for kontrollutvalet i Fusa kommune

Forslag til innstilling

Kommunestyret godkjenner årsmelding 2014 for kontrollutvalet i Fusa kommune.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Fusa kommune - 19.02.2015

Handsaming i møtet:

Kontrollutvalet var nøgd med årsmeldinga 2014 for kontrollutvalet.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kommunestyret godkjenner årsmelding 2014 for kontrollutvalet i Fusa kommune.

PS 6/15 Referatsaker

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Fusa kommune - 19.02.2015

Handsaming i møtet:

Kontrollutvalet gjekk gjennom referatsakene.

RS 2/15 Vedtak KST PS 39/14 Rapport etter forvaltningsrevisjon innan tilpassa opplæring og spesialundervisning i Fusa kommune

Kontrollutvalet ynskjer å fylgja opp administrasjonen sitt arbeid i høve handlingsplan som er sett opp etter rapporten. Utvalet ber rådmannen koma i møtet den 23.4.2015 for å orientera om status.

RS 4/15 Evaluering av politisk organisering 2015 - 2019 - Innspel frå råd og utval

Kontrollutvalet har nokre råd i høve val av nytt kontrollutval etter valet hausten 2015. Det bør vera 5 faste medlemmer, der ein til to har sete i kommunestyret. Dei tre andre kan koma utanfor. Vara bør vera i rekkjefølgje, for å få mest mogleg kontinuitet i arbeidet som vara.

RS 5/15 Politisk møteplan 2015 - Fusa kommune

Kontrollutvalet ber kommunen om å leggja møtedatoane for deira møter ut på nettsida til kommunen saman med dei andre politiske utvala sine møtedatoar.

RS 9/15 BIR - Gjennomførte interne forvaltningsrevisjonar

Medlemmene i kontrollutvalet skal sjølv gje beskjed til sekretariatet om dei ynskjer å få kopi av rapportane etter gjennomførte forvaltningsrevisjonar.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak:

- **Rapport etter forvaltningsrevisjon innan tilpassa opplæring og spesialundervisning i Fusa kommune:**
 - Kontrollutvalet ynskjer status i høve handlingsplanen etter forvaltningsrevisjonen.
 - Kontrollutvalet ber rådmannen koma i møtet den 23.4.2015 for å orientera.
- **Evaluering av politisk organisering 2015 - 2019 - Innspel frå råd og utval**
 - Det bør vera 5 faste medlemmer i kontrollutvalet.
 - Ein til to av medlemmene har sete i kommunestyret. Dei tre andre kan koma utanfor.
 - Vara bør vera i rekkjefølgje, for å få mest mogleg kontinuitet i arbeidet.
- **Politisk møteplan 2015 - Fusa kommune**

Kontrollutvalet ber kommunen om å leggja møtedatoane for deira møter ut på nettsida til kommunen saman med dei andre politiske utvala sine møtedatoar.

- **BIR - Gjennomførte interne forvaltningsrevisjonar**
Utvaksmedlemmane skal sjølv gje bestkjed til sekretariatet om dei ynskjer å få kopi av rapportane etter gjennomførte forvaltningsrevisjonar.

Referatsakene vart elles tekne til orientering.

**RS 1/15 Vedtak KST PS 044/14 - Handlingsplan Fusa kommune. Økonomiplan 2015 - 2018
Årsbudsjett 2015 med avgiftsbudsjett. Budsjett for kontroll og tilsynsarbeidet 2015.**

RS 2/15 Vedtak KST PS 39/14 Rapport etter forvaltningsrevisjon innan tilpassa opplæring og spesialundervisning i Fusa kommune

RS 3/15 Vedtak KST PS 45/14 Politisk organisering 2015 - 2019

RS 4/15 Evaluering av politisk organisering 2015 - 2019 - Innspel frå råd og utval

RS 5/15 Politisk møteplan 2015 - Fusa kommune

RS 6/15 Rapport frå tilsyn og vurdering av status i kommunens arbeid med jamleg oversikt over helsetilstand og positive og negative påverknadsfaktorar - Fusa kommune 2014

RS 7/15 Avtale om sekretariatstenester for kontrollutvalet - Prisjustering

RS 8/15 Evaluering av kontrollutval og kontrollutvalssekretariat - Rapport

RS 9/15 BIR - Gjennomførte interne forvaltningsrevisjonar

RS 10/15 Brev om ikrafttreding av endringar i kommunelova og offentleglova

RS 11/15 Selskapskontroll Business Region Bergen - Status pr desember 2014

PS 7/15 Gjennomgang av møteprotokollar for Fusa kommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Fusa kommune - 19.02.2015

Handsaming i møtet:

Kontrollutvalet gjekk gjennom møteprotokollane.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

PS 8/15 Eventuelt

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Fusa kommune - 19.02.2015

Handsaming i møtet:

Kontrollutvalet ynskjer ei ny orientering i høve korleis samhandlingsreforma fungerer i kommunen. På bakgrunn av dette vert rådmannen bedt om å gje ei orientering i høve status i møtet den 21.5.2015.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak:

Kontrollutvalet ber rådmannen koma å gje ei orientering korleis samhandlingsreforma fungerer i kommunen, i kontrollutvalet sitt møte den 21.5.2015.